



Mona Langenes
Langeneset 10
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2314 - 15/21133

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
04.06.2015

Deling av areal til naust i samsvar med reguleringsplan - gbnr 60/2 Langenes

Eigedom: gnr.60 bnr.2 Langenes
Adresse for eiged.: Langeneset 10, 5912 Seim
Type tiltak: Deling av eigedom
Heimelshavar: Mona Langenes
Søker: Mona Langenes

Saka gjeld:

I reguleringsplanen for hytter på Langenes er det sett av tre område for bygging av naust. Søknaden no gjeld område N2, der det er sett av plass til fire naust. I 2013 vart det delt frå ein parsell – parsell nr.1 i denne rekka på fire.

Nå vert det søkt om å dele frå parsell nr.2. Ved ei misforståing er det søkt på nytt på parsell nr.1, men ved samtale med søker i telefon 2/6-2015, er det avklart at det vert parsell nr.2 som ein no deler frå.

Reguleringsplanen syner at naustparsellane er plassert ut i sjø. Den delen av parsellen som vert liggande på land vert ikkje større enn 30m².

Parsellen skal høyre til gnr.60 bnr.40 som er ein hytteeigedom i feltet.

Planstatus/dispensasjonar:

Deling er i samsvar med gjeldande plan. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

Gnr.60 bnr.2 er landbruk, men det er ikkje naudsynt å vurdere tiltaket etter §12 i jordlova. Tiltaket ligg i godkjend reguleringsplan, og spørsmålet om omsyn til landbruket er vurdert i samband med utarbeiding av reguleringsplanen.

Nabovarsel:

Det er ikkje sendt ut nabovarsel. Kommunen vurderer at det heller ikkje er naudsynt då det ikkje er anna nabo enn landbrukseigedommen, samt nausttomt nr.1. Denne er eigd av næraste familie.

Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Søknaden gjeld tomt til naust. Tilkomst i samsvar med reguleringsplan for hytteområdet. Avløp og vatn ikkje aktuelt.



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m), gjev Lindås kommune løyve til deling av tomt til naust frå gnr.60 bnr.2 slik det er søkt om. Det gjeld frådelling av nausttomt nr.2 av dei fire parsellane som er sett av i område for naust N2 i det regulerte feltet.

Arealet skal nyttast i samsvar med reguleringsplanen.

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer deling etter pbl §§20-1 og 26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår tilhøve som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn, er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld tomt til naust. Arealet er sett av til føremålet i gjeldande reguleringsplan for hytter på Langenes. Arealet vert ikkje større enn det eit naust krev – om lag 30m².

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i pbl. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege tilhøve vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Gebyr:

Med heimel i gjeldande gebyrregulativ for Lindås kommune, vedteken i desember 2014, gjeldande for 2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjend reguleringsplan kr.3400,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda kan klagast over av partane i samsvar med §§ 28 flg i Forvaltningslova, innan 3 veker frå partane fekk kunnskap om avgjerda.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:
Hanne M.Verlo

Østre 5098
Nattlandsfjellet 36

BERGEN

Mottakarar:
Mona Langenes

Langeneset 10 5912

SEIM